

Innkalling styringsgruppa 4. møte

Dato: 7. februar 2017

Vertskap: Sandøy kommune

Stad: Harøy, Steinshamn, Sandøyhagen - allrommet på skulen

Tidsramme: Kl. 10.10 til 15.10

Reiseinfo.: Ferje frå Brattvåg kl. 08.55 med ankomst Harøy (Myklebust) kl. 09.55.
Køyretid frå ferja til Sandøyhagen er 5 minutt.
Ferje attende frå Harøy kl. 15.30 med ankomst Brattvåg kl. 16.30.

Agenda:

- **Velkomne. Godkjenning av møteinnkalling og møtereferat styringsgruppa 19.1.17**
- **Velkomne til Sandøy kommune (kl. 10.15-11)**
 - Presentasjon av Sandøy kommune v/ordførar og konst. rådmann
 - Presentasjon av lokal bedrift:

10/17 Referatsaker (kl. 11-11.15)

Orientering om status sidan sist styringsgruppemøte v/Eva Vinje Aurdal:

1. Fylkesmannen har invitert til konferanse 14.-15.3. i Ålesund (vedlegg)
2.
3.
4. Arbeidsutvalet hadde møte 2.2.17 - møtereferat (vedlegg)

11/17 Oppsummering KMD/KS-samling på Gardermoen (kl. 11.15-11.30)

Kven førebur ei oppsummering, eller tek vi dette som ei runde rundt bordet?

Kaffepause kl. 11.30-11.45

12/17 Overordna prosjektplan/styringsdokument, framdriftsplan og prosjektorg. (kl. 11.45-12.15)

Innleiing v/prosjektkoordinator Anne Berit Støyva Emblem

13/17 Delprosjekt 1: Personalmessige forhold (kl. 12.15-12.30)

Delprosjektet er i gang, innhald og overordna framdriftsplan
Innleiing v/personalsjef....

Lunch kl. 12.30-13.15

13/17 Delprosjekt 2: Kommunikasjonsstrategi og tiltak (kl. 13.15-14.15)

Innleiing v/kommunikasjonssjef Anne Bente Skjellum, Ålesund
Gruppearbeid og innspel

Kaffepause kl.14.15-14.30

14/17 Delprosjekt 3: Kartlegging interkommunalt samarbeid som grunnlag for framtidig eigarstrategi (kl. 14.30-14.45)

Saka er forankra i intensjonsavtalen pkt. 7.
Presentasjon av saka om interkommunalt samarbeid v/

15/17 Har de andre saker? (kl. 14.45-15)

09/17 Eventuelt

Møtet ferdig 15.10 (ferjeavgang 15.30)

• **Førebels agenda til neste møte i styringsgruppa 16.3.17:**

- Stad: Skodje?
- Aktuelle tema:
 - Oppdatert prosjektplan for nye Ålesund kommune 2017-2020
 - Oppsummering fylkesmannens samling 14.-15.3.
 - Ny signering intensjonsavtale?
 -



Referat AU-møte

Dato: 2. februar 2017
Tid: Kl. 9 til 11
Møteleiar: Eva Vinje Aurdal
Stad: Ålesund Rådhus, 9. etg. - møterom syd

Deltakarar: Eva Vinje Aurdal, Dag Olav Tennfjord, Karen Simonnes Aanes, Oddvar Myklebust, Astrid Eidsvik, Bente Glomset Vikhagen, Synnøve Vasstrand Synnes, Anne Berit S. Emblem og Anne Bente Skjellum.

Forfall: Kim Andrè Breivik.

1. Referat 3. styringsgruppemøte 19.1.17 vart godkjend.
2. Kort om møteform/erfaring frå sist styringsgruppemøte:
 - Med om lag 30 deltakarar er hestekooppsett eller småbord meir eigna enn eitt langbord. Bordoppsett må tilpassast programinnhald. Det må brukast mikrofon.
 - Det må leggst inn fleire pausar i tillegg til lunch.
 - AU gjennomgår agenda, sakskart og framlegg til vedtak før dette sendast ut.
3. Agenda/saksliste for neste styringsgruppemøte 7.2.17 vart gjennomgått og godkjend.
4. AU hadde ei kort oppsummeringsrunde etter KMD/KS-samling på Gardermoen førre veke, fleire av temaene på samlinga vert også tema på komande styringsgruppemøte.
5. AU fekk ei orientering om skisse til overordna prosjektplan og diskuterte skisse til prosjektorganisering. Skissene må jobbast vidare med både i styringsgruppe, AU og rådmennene.
6. AU innstiller på å opprette delprosjekt 1 om personalmessige forhold. Dette blir truleg det største delprosjektet i omstillinga og vil vare heile perioden. Delprosjektgruppe med personalsjefane og koordinator er i gang. Gruppa har valt Roar Reiten, personalsjef i Ålesund, som delprosjektleder, han orienterer om arbeidet i komande styringsgruppemøte.
7. AU innstiller på å opprette delprosjekt 2 om kommunikasjon. Dette delprosjektet vil vare heile omstillingsperioden. Delprosjektgruppe med kommunikasjonsansvarlege i kvar kommune er i gang, Anne B. Skjellum, kommunikasjonsjef i Ålesund er delprosjektleder, og legg fram utkast til kommunikasjonsstrategi og tiltaksliste i komande styringsgruppemøte. Det vert gruppearbeid.
8. AU fekk ei orientering om at delprosjekt/arbeidsgruppe for kartlegging interkommunalt samarbeid har oppstartsmøte fredag 3.2. Det byggast vidare på malane frå tidlegare kartlegging i Ålesund. AU innstiller på at dette vert definert som eit delprosjekt. Det vert ei kort orientering om arbeidet i komande styringsgruppemøte.

9. Delprosjekt om arkiv må iverksetjast snarleg, jamfør tilråding frå andre kommunesamanslåingar.
10. Det må iversetjast eit eige delprosjekt om kulturbygging og verdiar. Dette temaet må få særskild merksemd i 5. styringsgruppemøte i mars.
11. Økonomistyring og administrativ styring i prosjektet:
 - Økonomistyring i prosjektet vert fast punkt i AU-møta.
 - Det opprettast ei rådmannsgruppe som har jamlege møter med prosjektkoordinator for administrativ styring av prosjektet. Økonomistyring i prosjektet vert også tema her.
 - Det er fleire typar prosjektmidlar som nye Ålesund kan og søkast på, rådmennene ser på dette saman med koordinatoren.
 - Det må snarleg avklarast midlar til frikjøp av Anne Bente Skjellum til prosjektarbeid. Midlar til kjøp av merkantil støtte (10%?) må også avklarast.
12. Demokratistillinga for nye Ålesund har søknadsfrist 6.2. Ein rådmann, personalsjef i Ålesund, utviklingssjef Anne Mette Liavåg, prosjektkoordinator og ein tillitsvald deltek i intervju, koordinatoren leiar intervju. Demokratistillinga inngår i prosjektgruppa for nye Ålesund og komande prosjektleiar vert næraste overordna.
13. Det må igangsetjast vidare arbeid med mandatet til komande fellesnemnd.

Anne Berit Støyva Emblem
referent

Innkalling styringsgruppa 4. møte

Dato: 7. februar 2017

Vertskap: Sandøy kommune

Stad: Harøy, Steinshamn, Sandøyhagen - allrommet på skulen

Tidsramme: Kl. 10.10 til 15.10

Reiseinfo.: Ferje frå Brattvåg kl. 08.55 med ankomst Harøy (Myklebust) kl. 09.55.
Køyretid frå ferja til Sandøyhagen er 5 minutt.
Ferje attende frå Harøy kl. 15.30 med ankomst Brattvåg kl. 16.30.

Agenda:

- **Velkomne. Godkjenning av møteinnkalling og møtereferat styringsgruppa 19.1.17**
- **Velkomne til Sandøy kommune (kl. 10.15-11)**
 - Presentasjon av Sandøy kommune v/ordførar og konst. rådmann
 - Presentasjon av lokal bedrift:

10/17 Referatsaker (kl. 11-11.15)

Orientering om status sidan sist styringsgruppemøte v/Eva Vinje Aurdal:

1. Fylkesmannen har invitert til konferanse 14.-15.3. i Ålesund (vedlegg)
2.
3.
4. Arbeidsutvalet hadde møte 2.2.17 - møtereferat (vedlegg)

11/17 Oppsummering KMD/KS-samling på Gardermoen (kl. 11.15-11.30)

Kven førebur ei oppsummering, eller tek vi dette som ei runde rundt bordet?

Kaffepause kl. 11.30-11.45

12/17 Overordna prosjektplan/styringsdokument, framdriftsplan og prosjektorg. (kl. 11.45-12.15)

Innleiing v/prosjektkoordinator Anne Berit Støyva Emblem

13/17 Delprosjekt 1: Personalmessige forhold (kl. 12.15-12.30)

Delprosjektet er i gang, innhald og overordna framdriftsplan
Innleiing v/personalsjef....

Lunch kl. 12.30-13.15

13/17 Delprosjekt 2: Kommunikasjonsstrategi og tiltak (kl. 13.15-14.15)

Innleiing v/kommunikasjonssjef Anne Bente Skjellum, Ålesund
Gruppearbeid og innspel

Kaffepause kl.14.15-14.30

14/17 Delprosjekt 3: Kartlegging interkommunalt samarbeid som grunnlag for framtidig eigarstrategi (kl. 14.30-14.45)

Saka er forankra i intensjonsavtalen pkt. 7.
Presentasjon av saka om interkommunalt samarbeid v/


15/17 Har de andre saker? (kl. 14.45-15)

09/17 Eventuelt

Møtet ferdig 15.10 (ferjeavgang 15.30)

• **Førebels agenda til neste møte i styringsgruppa 16.3.17:**

- Stad: Skodje?
- Aktuelle tema:
 - Oppdatert prosjektplan for nye Ålesund kommune 2017-2020
 - Oppsummering fylkesmannens samling 14.-15.3.
 - Ny signering intensjonsavtale?
 -



Nye Ålesund kommune

Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

Referat styringsgruppa 3. møte

Dato: 19. januar 2017
Møteleiar: Eva Vinje Aurdal
Vertskap: Ørskog kommune
Stad: Ørskog rådhus
Tid: Kl. 9.00 til 15.30
Deltakarar:

| Kommune | Ordførarar og politikarar | Rådmenn | Tillitsvalde + HVO |
|---------|---|------------------------------------|---|
| Sandøy | Oddvar Myklebust Espen Myklebust Hildegard Maier Jessica Gärtner Åse Kristin Ask Bakke | Kim André Breivik (konstituert) | Laila Alvestad - Fagforbundet/LO |
| Skodje | Dag Olav Tennfjord Per-Egil Håhjem (vara for G. Leite) Kari Grindvik Terje Vadset Modolf Hareide | Bente Glomset Vikhagen | Ramona Pilskog - Delta/YS |
| Ørskog | Karen Simonnes Aanes Helene B. Fjørtoft (vara for G. Aure) Frode Andresen Ola Kjetil Sjøholt Gert Rietman | Synnøve Vasstrand Synnes | Geir J. Skodje - UDF/Unio |
| Ålesund | Eva Vinje Aurdal Tore Johan Øvstebø Øystein Tvedt Geir Stenseth Anne Kristin Bryne | | Lindis Dalebø - Fagforbundet/LO |
| | | | Lars Marius Rindal - HVO (repr. alle fire kommunane) |
| Forfall | Geir Ove Leite, Skodje Geir Peter Aure, Ørskog | Astrid Eidsvik, Ålesund | |

| | |
|----------|--|
| Andre | Prosjektkoordinator Anne Berit Støyva Emblem Kommunikasjonsansvarleg i prosjektet Anne Bente Skjellum Utviklingssjef Anne Mette Liavåg, Ålesund |
| Eksterne | First Process (verksemd i Ørskog) styreleiar Louis Nordstrand (innleiing) Servitech (verksemd i Ørskog) Stig Lennart Stokke (innleiing) IT Ålesund kommune, verksemdsleiar Are Staurset (sak 05/17) FIRST Scandinavia Founder Per-Arild Konradsen (sak 06/17) Sunnmøre Regionråd, prosjektleiar energieffektivisering Einar Haram (sak 08/17) UNOx-hydrogen etableringssjef Kjell T. Bergsaker og regionsjef Thron Sperre Olsen (sak 08/17) |

- Eva Vinje Aurdal ønskte alle velkomne.
- Møteinnkalling, agenda og møtereferat styringsgruppa 10.11.16 vart godkjende.
- Ordførar i Ørskog Karen Simones Aanes ønskte alle velkomne til Ørskog kommune. Presentasjon av to lokale bedrifter i Ørskog:
 - First Process v/styreleiar Louis Nordstrand
 - Servitech v/Stig Lennart Stokke

01/17 Referatsaker

Orientering om status sidan sist styringsgruppemøte v/Eva Vinje Aurdal:

1. Ørskog kommune har 24.11.16 fatta vedtak om å inngå i nye Ålesund kommune, KS-vedtak 72/16 og FS-vedtak 104/16. Fylkesmannen MR har orientert KMD i brev 9.1.17 om vedtaket
2. Prosjektkoordinator er tilsett frå 9.1., stillingsbeskriving er gitt
3. Utlysningar:
 - Det er utlyst stilling «Prosjektmedarbeidar - demokratiutvikling i nye Ålesund kommune» med søknadsfrist 6.2.
 - Det er planlagt å lyse ut ekstra ressurs til kommunikasjonsteamet slik at Anne Bente Skjellum kan bruke meir tid på kommunereformarbeidet.
4. Fylkesmannen har invitert til konferanse 14.-15.3. i Ålesund
5. Program og deltakarar 2. nasjonale KMD/KS-samling 25.-26.1. Arbeidsgjevaransvar i omstillingsprosessar. Administrativ prosessleiarnettverk arrangerast 8.2.
6. Invitasjon til Bybrannvandring 23.1.
7. Arbeidsutvalet hadde møte 4.1.17 - møtereferat

Vedtak: Referatsakene takast til orientering.

02/17 Orientering om framdrift i arbeidet med kommunikasjonsplan for nye Ålesund

Kommunikasjonssjef Anne Bente Skjellum, Ålesund orienterte kort om at dei fire kommunikasjonsansvarlege og prosjektkoordinatoren er i gang med ei arbeidsgruppe for kommunikasjonsarbeidet i nye Ålesund. Gruppa reviderer utkast til kommunikasjonsstrategi med tilhøyrande tiltaksplan, og styringsgruppa involverast i arbeidet gjennom workshop i neste styringsgruppemøte.

03/17 Orientering om vidare arbeid med prosjektplan for nye Ålesund

Prosjektkoordinatoren orienterte kort om at prosjektet vil ta i bruk KMD/KS sine anbefalingar for styringsdokument og prosjektleiing. Det er viktig å visualisere samanslåingsløpet i ein overordna prosjektplan/framdriftsplan som både viser mål, framdrifta i dei ulike delprosjekta og samanhengen mellom desse. Inndeling i delprosjekt må kome raskt på plass. Det vert møte med personalsjefane 31.1. der vidare arbeid med prosjektplan, arbeidsgjevarstrategi og omstillingsplan vert tema. Det vert tilsvarande møte med kommunikasjonsansvarlege i kommunane. Det må nedsetjast eit delprosjekt for organisering, gruppa må starte med å bli kjend med ulike kommunale organisasjonsmodellar.

- Lunch på Kafè Systra med presentasjon og underhaldning av Reidar Opsal, Bygdebladet

04/17 Infrastrukturtiltak: Søknad om prosjekteringsmidlar til tiltak som knyter den nye kommunen saman. Gang- og sykkelveg mellom Ørskog, Skodje og Ålesund

Saka er forankra i intensjonsavtalen pkt. 6.1.2.

Rådmann Bente Glomset Vikhagen, Skodje presenterte saka, jf. saksframlegg.

Kort om innhald:

KMD opprettar ei tilskotsordning for infrastrukturprosjekt i kommunar som slår seg saman.

10.11.16 ba styringsgruppa Skodje kommune om å utarbeide eit framlegg til søknad, her er eit samandrag av søknadsutkastet:

Planlegging og realisering av ulike former for infrastrukturtiltak er viktig for bygging av nye Ålesund kommune, dette inneber tiltak knytt til veg- og kollektivsatsing, samt betring av gang- og sykkelvegsambanda i og mellom dei ulike delane av den nye kommunen. Behovet for etablering av eit trafiksikkert gang- og sykkelvegsamband mellom Ørskog, Skodje og Ålesund er stort. Strekninga som i dag vert nytta av mjuke trafikantar på sykkel, enten på veg til arbeid eller i fritid, er svært trafikkfarleg og går i dag delvis direkte på Europaveg 39. Ein ser føre seg ein samanhengande trase på heile strekninga. Det søkaste om forprosjektmidlar på 500.000,- til utgreiing/ innhenting av kunnskapsgrunnlag. Eit godt kunnskapsgrunnlag vil vere avgjerande når detaljplanlegging og tiltak på denne transportstrekninga, skal gjennomførast.

Vedtak:

Styringsgruppa for nye Ålesund kommune vedtek å sende søknad om støtte til infrastrukturtiltak som binder den nye kommunen saman.

Prosjektkoordinator, saman med planleggingsmiljøa i nye Ålesund kommune, kvalitetssikrar at søknaden er i samsvar med kriteria for ordninga.

05/17 Infrastrukturtiltak: Utbygging av breiband i nye Ålesund der dette ikkje er kommersielt lønsamt
Verksemdsleiar IT Are Staurset, Ålesund orienterte først. Ordførar Dag Olav Tennfjord, Skodje, orienterte om kostnad og hadde framlegg til vedtak.

Kort om innhald:

Intensjonsavtalen pkt. 6.2.2. er kommuane blitt einige om at satsinga på digitale løysingar skal aukast for å gje innbygarane raskare og betre tilgang på tenester som ikkje krev nærleik. I punkt 6.4.2. i intensjonsavtala er kommunane blitt einige om å avsetje 10 mill. NOK til å bygge ut fiber i alle delar i den nye kommunen der dette ikkje er kommersielt lønsamt.

Vedtak:

Styringsgruppa vedtek at ein ønskjer å starte arbeidet med å realisere full fiberutbygging, også i utkantane der det ikkje er kommersielt lønsamt. For å finansiere dette vil ein nytte inntil 20 MNOK av engongsbeløpet som kommunereforma utløyser. Dette er forankra i intensjonsavtalen for den nye kommunen, punkt 6.4.2.

Ein ber difor innkjøpskontoret om å lage eit anbodsdokument og ein gjer arbeidsutvalet mynde til å ha dialog med innkjøp om endeleg utforming av anbodet innanfor rammene i dette vedtaket.

Ein må på dette stadiet ta atterhald om endeleg godkjenning av finansieringa, som styringsgruppa ikkje har mynde til, men som Fellesnemnda får når den vert konstituert etter samanslåingsvedtak i Stortinget.

06/17 Kartlegging av interkommunalt samarbeid som grunnlag for framtidig eigarstrategi i nye Ålesund kommune, herunder sak om Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Rådmann Bente Glomset Vikhagen, Skodje, presenterte saka om interkommunalt samarbeid, jf. saksframlegg.

Kort om innhald:

Saka er forankra i intensjonsavtalen pkt. 7. Eitt av måla med å gå saman er at den nye kommunen skal kunne ta på seg oppgåver på eiga hand utan interkommunalt samarbeid, på denne måten vil kommunen få betre styring og lettare drive samordning på tvers av tenestene. Kommunar som har fatta vedtak om samanslåing bør tidleg skaffe seg oversikt

over kva for interkommunale samarbeid kommunane deltek i og kva form samarbeida har. Fellesnemnda må etter kvart ta stilling til kva for samarbeid det er aktuelt å vidareføre, og kva samarbeid som vert oppløyst eller sagt opp. Ei kartlegging av dagens interkommunale samarbeid vert eit viktig grunnlagsarbeid for framtidig eigarstrategi for nye Ålesund. Formelle rammer for utgreiing og oppløysing av interkommunale samarbeid i samband med kommunesamanslåing er heimla i inndelingsloven § 16. Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS er ein av desse interkommunale samarbeida som må kvartleggast og vurderast.

Vedtak:

Styringsgruppa for nye Ålesund kommune vedtek å starte kartlegging av ei interkommunale samarbeida som eksisterer i dag. Prosjektkoordinator for nye Ålesund kommune leier arbeidet. Det skal setjast ned ei administrativ arbeidsgruppe beståande av representantar frå kvar kommune til å bistå prosjektkoordinator. Rapport frå arbeidet skal framleggast styringsgruppa innan utløpet av mai 2017.

07/17 Etablering av «Newton-rom» og deltakelse i «First lego league»

Varaordførar Tore Johan Øvstebø, Ålesund, presenterte saka, jf. saksframlegg. Per-Arild Konradsen, FIRST Scandinavia orienterte styringsgruppa om ordninga.

Kort om innhald:

Ålesund kommune har hatt dialog med stiftelsen "First Scandinavia" for å styrke undervisninga i realfaga i grunnskulen i kommunen. Ålesund ønskjer å involvere dei andre kommunane i nye Ålesund i prosessen slik at vi saman kan føre desse prosjekta vidare.

Vedtak:

1. Styringsgruppa for nye Ålesund stiller seg bak at dialogen med First Scandinavia videreførast, med tanke på mogleg etablering av "Newton rom" ved NMK, samt framtidig deltaking frå grunnskulane i nye Ålesund i "First lego league".
2. For å ivareta og vidareføre dialogen med "First Scandinavia" og andre partar i prosjekta omtalt i punkt 1, etablerast ei samansett gruppe av politikarar og rådmenn/kommunalsjefar.
3. Prosjektkoordinatoren følgjer opp saka i neste styringsgruppemøte.

08/17 Etablering av hydrogenstasjon

Saka er forankra i intensjonsavtalen pkt. 6.1.2.

Varaordførar Tore Johan Øvstebø, Ålesund, presenterte saka, jf. saksframlegg.

Einar Haram, prosjektleiar energieffektivisering i Sunnmøre regionråd, introduserte deretter etableringssjef Kjell T. Bergsaker og regionsjef Thron Sperre Olsen frå UNOX-hydrogen som orienterte styringsgruppa om UNOX sitt ynskje om å etablere hydrogenstasjon i Ålesundsregionen.

Kort om innhald:

UnoX har planer om å etablere 20 hydrogenstasjonar i Norge innan 2020 rundt Oslo og i dei andre norske storbyane. I Møre og Romsdal ynskjer UnoX å etablere den første stasjonen i Ålesundsregionen. Energirådgjevar Einar Haram i Sunnmøre Regionråd har vore bindeleddet mellom UnoX og Ålesund kommune. Den vidare dialogen bør vere eit fellesprosjekt for den nye kommunen.

Vedtak:

1. Styringsgruppa meiner etablering av hydrogenfyllestasjon i nye Ålesund kommune kan vere eit framtidsretta prosjekt, og meiner den nye kommunen må vere ei naturlig plassering i Møre og Romsdal.
2. For at etableringa skal vere vellukka er plassering avgjerande, og styringsgruppa vil derfor sette ned ei arbeidsgruppe som fører dialogen med UnoX vidare - i samarbeid med Sunnmøre Regionråd. Arbeidsgruppa rapporterer til styringsgruppa og til rådmennene.
3. Prosjektkoordinatoren følgjer opp saka i neste styringsgruppemøte.

09/17 Eventuelt

Ingen saker meldt til eventuelt.

- **Neste møte i styringsgruppa vert 7.2.17**
 - Stad: Sandøy, endeleg innkalling kjem seinare.
 - Aktuelle tema:
 - Oppsummering 2. nasjonale KS-seminar Gardermoen
 - Revidert skisse til prosjektplan for nye Ålesund kommune 2017-2020
 - Kommunikasjonsstrategi workshop

Referent
Anne Berit Støyva Emblem
prosjektkoordinator